



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

STYREMØTE

Skype, 12. september 2013

Sakliste:

- 1 Toppleiarmøtet
- 2 Leiartrening
- 3 Strategisk plan
- 4 Kontakt med gruppene
- 5 JOTA/JOTI
- 6 Arrangementsplan

Referat:

Til stades: Eirik, Ole, Trine, Remco og Wenche

Forfall: Mats, Frida

Sak 1 Toppleiarmøtet

Toppleiarmøtet i haust skal vere på Sørmarka kurs- og konferansesenter alle i kretsstyra er inviterte, men Eirik er den einaste som har høve til å reise.

Sak 2 Leiartrening

Det planlagde leiarkurset vart avlyst pga. for få påmelde. Det kan vere aktuelt å sende kursskildringane ut til gruppene slik at dei kan melde tilbake om behov. Leiartrening er også eit aktuelt tema for kontakt med gruppene, og det går an å ta ein prat på JOTA/JOTI.

Wenche, Thorleif og Ole ser på datoar for neste år. Norsk grunnkurs i fyrstehjelp er det kurset det er lengst sidan vi har hatt.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Sak 3 Strategisk plan

Eirik, Trine og Remco tek eit strategimøte tysdag 24. september kl. 19.00 på Skype. Dei vil sjå på revisjon av forslaget frå kretstinget tidlegare i år.

Sak 4 Kontakt med gruppene

Florø FA: har nokre som nærmar seg roveralder.
Systromd 1: arbeider med utemøte, uteprosjekt og eit ev. kurs i vinterspeiding. Frå kretsen ynskjer ein betre tilgang på leiarkurs – det tek lang tid å få grunntreninga.

Sak 5 JOTA/JOTI

JOTA/JOTI er under planlegging. Eirik tek snarast kontakt med radioamatør(ar).

Eirik ynskte innspel på aktivitetar. Vi treng nokre nye aktivitetar for dei som har vore med mange gonger. Det vart også føreslått å ha eit eige roveropplegg på arrangementet. Vi arbeider vidare med dette.

Det har vore ynskje om «ekte leirbål» i år, og det må vi sjølvsagt få til! Eirik tek seg elles av invitasjon og merkebestilling.

Sak 6 Terminliste 2014

Vi må setje opp terminliste før neste styremøte. Mats og Eirik ser på dette.

Neste møte blir på JOTA/JOTI-samlinga.

Referent:

Eirik Ulltang Birkeland

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Mats Brunsvik, Gate 3, nr. 31, 6700 Måløy

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no